

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

I samband med RS 86/14 Motorlaboratorium - Rubbestadneset vidaregåande skule, spurde **Inge Reidar Kallevåg** når saka kjem til politisk behandling. Kst. fylkesrådmann svarte at saka vert lagt fram når finansieringa av heile prosjektet er nærare avklara.

I samband med PS 161/14 Sotrasambandet - Rapport om dimensjonering av ny Sotrabru for framtidig bybane – Orienteringssak (som var omgjort til referatsak) spurde **Aud Karin Oen** om kva for behandling problemstillinga vil få. Fylkesordføraren opplyste at saka vert lagt fram for kultur- og ressursutvalet, samferdselsutvalet og fylkesutvalet til hausten.

I samband med RS 81/14 Prøveprosjekt med mobbeombod etterlyste **Rasmus Laupsa Rasmussen** tildelingsbrevet. Utlasingsteksten, Hordaland fylkeskommune sin søknad og tildelingsbrevet frå Utdanningsdirektoratet vart utdelt i møtet og går som melding til neste møte. Fylkesordføraren viste til svaret sitt i fylkestinget 12. juni 2014.

I samband med RS 79/14 Transport av naturgass frå Kollsnes Næringspark til bunkringsanlegg på Halhjem - Oppfølging av fylkesordførarens svar i fylkesutvalet 30.01.2014 hadde **Aud Karin Oen** sendt inn slikt spørsmål:

"Transport av naturgass frå Kollsnes Næringspark til bunkringsanlegg på Halhjem

Viser til melding, spørsmål og svar om diesebililar til transport osv.

Dei to alternativa som er skisserte er etter SV sitt syn ikkje dei beste. Kvifor ikkje velja å få meir av gasstransporten over på sjø? Dette er det tverrpolitisk einigheit om både lokalt og nasjonalt. Fylkesordføraren er kjent med dei store trafikkproblema som er på Sotrasambandet og det ville både av sikkerheitsmessige, miljømessige og "kømessige" grunnar vore føremålsteneleg å få denne trafikken over på sjø.

Er det mogleg å få ei politisk sak på dette for å øve trykk for å få til ei betre løysing?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Fylkesordføreren vil sterkt anbefale at fylkeskommunen ikke går inn og forsøker å detaljstyre enkelttransportørers transportvalg. Det er ingen ting som tyder på at transporten fra dette enkeltsekskapet har noen spesiell eller vesentlig betydning for køsituasjonen på Sotrabroen. Fylkesordføreren vil sterkt anbefale at det ikke legges frem en politisk sak rettet mot ett enkeltsekskaps transportvalg."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Det vert lagt fram politisk sak om transport av naturgass frå Kollsnes Næringspark til bunkringsanlegg på Halhjem."

Røysting

Oen sitt forslag fekk 3 røyster (SV, Sp, KrF) og fall.